



Kalvenes VVS AS  
Rollandslia 190  
5115 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1480 - 15/24748

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
07.07.2015

## Løyve til påkopling av fettutskiljar til kommunalt leidningsnett - gbnr 185/45 , Eurospar Isdalstø

Teknisk drift syner til søknad om løyve til påkopling av fettutskiljar til kommunalt leidningsnett – gbnr 108/515 registrert 30.06.2015 og telefonsamtale med rørleggar 06.07.2015.

### Vedtak:

Teknisk drift vil gje løyve til å kople på fettutskiljar - gbnr 185/45 Eurospar Isdalstø – til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Løyve til tilkopling av fettutskiljar med nominell størrelse **NS 9** vert gitt ut i frå innsendt berekningsgrunnlag og telefonsamtale med Kalvenes VVS AS 06.07.2015.
- Det skal inngås skriftleg avtale med godkjent tømmefirma. Avtale skal være signert av begge parter og være kommunen i hende før anlegg vert teke i bruk.
- Annleggseigar skal ha jamleg ettersyn av utskiljaranlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming og luktpproblem. Verksemda skal ha eit system for tømmerutiner og vedlikehald av anlegg. Kommunen skal ha kopi av dette.
- Det skal være minst ei person frå verksemda som skal ha hovudansvar for utskiljaranlegget og som skal være kontaktperson mellom verksemd og kommune.
- Regelmessig tømning og reingjering av anlegg er av avgjerande betydning for anlegget sin effekt. **Anlegg skal tømmast minimum 3 gonger i året** og før fettlaget utgjir 25% av volumet i tanken.
- **Det skal utførast 2 temperaturlogginger i året.** Temperaturlogging skal utførast i ei **3 dagers periode før tømning av anlegg.** Anlegget skal være i full drift under temperaturlogginga. Temperaturlogging skal ikkje utførast i perioder der verksemda har stengt.



- Temperatur i anlegg skal ikkje overstige 30°C. Fett vil ved denne temperaturen løysast opp og førast ut på leidningsnett.
- Anlegg må installerast slik at det ikkje vert utsett for varme. Høge temperaturer vil føre til at anlegg ikkje får nødvendig avkjøling.
- Større mengder fett, som til dømes fritryfett/olje, skal ikkje leiast til utskiljaranlegg men samlast opp og leverast til godkjent mottak.
- Bruk av vaskemilder fører til at fett emulgerer og blir vanskeleg å skilje ut utskiljaranlegget. Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum.
- Utskiljaranlegget skal tømmast fullstendig og reingjerast grunding minimum 1 gong i året, samstundes skal alle overflater ettersjåast og vedlikehaldast. Dette gjeld også skrapeverk, pumper, tidsur, ventiler osv.
- Det skal førast driftsjournal for anlegget. I journalen skal det førast inn data om når anlegget vart tømt, mengde fett og kven som utførte tømninga. Driftsopphald i samband med reingjering og vedlikehald skal også noterast med notering av tid, dato og kva type driftsoperasjon som vart utført. Driftsjournal skal til ein kvar tid være tilgjengeleg for kontroll frå Lindås kommune.
- Verksemda skal sende inn kopi av driftsjournal, tømmerapport og temperaturlogging til kommunen kvart år. Dette skal være kommunen i hende seinast 1. februar påfølgjande år. Tømmeoperatør kan stå for innrapportering til kommunen dersom slik avtale er inngått mellom operatør og verksemd.
- Det skal leverast inn «as build» teikningar og situasjonskart over anlegget. Situasjonskart skal vise kva som er ført på anlegg og påkoplingspunkt til offentleg leidningsnett. Situasjonskart og teikningar skal være i målestokk 1:500. Anlegg skal være målt inn i forhold til bygning.

**Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.**

**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Isdalstø Eiendom AS

Kvassnesvegen 23 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**  
Kalvenes VVS AS

Rollandslia 190 5115

ULSET